

Om kartlegging og vurdering

Å ha ein god vurderingspraksis er ein viktig del av den daglege verksemda. Ein god vurderingspraksis betyr å setje mål for opplæringa og formidle måla til elevane slik at dei veit kva dei skal øve på, korleis dei skal gjere det, og kva dei er på veg mot å lære. All vurdering er meint å fremje læring. Måla blir sett i eit langt perspektiv og blir samtidig brotne ned til konkrete læringsmål for den enkelte perioden. Underveis treng læraren å stoppe opp og vurdere om elevane heng bra med, eller om nokon treng meir trening og tilpassing.

Til Ordriket tilbyr vi vurderingsressursar som dekkjer leseferdigheiter, skriftlege ferdigheter og munnlege ferdigheter. Dei kan brukast som grunnlag for jamlege samtalar med elevane om kva dei meistrar eller må jobbe vidare med, for utviklingssamtalar med foreldra og for skriftleg vurdering.

VURDERING AV LESEFERDIGHEITER

På 1. trinn står leseferdigheiter i ei særstilling. Vi tilbyr derfor fleire typar vurderingsressursar som er spesielt tilpassa dei nedbrotne måla og progresjonen for leseopplæringa i Ordriket 1. Desse kan brukast i tillegg til andre kartleggingsverktøy eller observasjonsverktøy som skulane bruker, for eksempel Leseutviklings-skjema (LUS), Systematisk observasjon av lesing (SOL), «Leselos» og «På sporet» (Universitetet i Stavanger). Dessutan skal alle skular gjennomføre Utdanningsdirektoratets kartleggingsprøve i lesing om våren.

For at vi skal kunne følge godt med på leseutviklinga til elevane gjennom arbeidet med Ordriket 1, har vi utvikla to typar ressursar: *Oppfølgingsark 1–6* og *Individuell observasjon A–C*. Som hjelp til å samle desse vurderingane har vi også laga eit *Notatark for læraren*, som kan brukast til kvar elev gjennom heile året. Dette gir læraren god oversikt over dei samla ferdighetene og utviklinga til eleven, og det er dermed eit godt utgangspunkt for å fremje vidare læring for eleven.

Oppfølgingsark 1–6

Oppfølgingsark 1–6 er tenkte gjennomførte etter arbeidet med kvar av bokstavgruppene i Ordriket 1. Oppgåvearka inneholder oppgåver som fokuserer på bokstavlæring og lesing, og dei kan brukast uavhengig av om ein gjennomfører tradisjonell eller hurtig bokstavprogresjon. Arka tydeleggjer mål og kriterium for opplæringa i den aktuelle perioden, og emna er henta frå språkleg bevisstheit, bokstavkunnskap, ordlesing og frå det å kunne lese ulike tekstar med samanheng og forståing. Læraren kan dermed sjå om elevane har tileigna seg ferdighetene godt nok til å kunne gå vidare. Oppfølgingsarka kan arbeidast med av alle elevane samtidig, eller dei kan brukast i mindre grupper eller individuelt.

På neste side finn du ei oversikt over innhaldet i *Oppfølgingsark 1–6*:

| Emne/mål | Ark | Forslag til Instruksjon |
|--|---------|---|
| Lytte ut og skrive første lyd | 1–6 | Her ser du ein Kva lyd høyrer du først i ...? Skriv bokstaven på streken. |
| Lytte ut og skrive siste lyd | 3, 6 | Her ser du ein ... Kva lyd høyrer du sist i ...? Skriv bokstaven på streken. |
| Lytte ut og skrive den midtarste lyden | 4, 5, 6 | Her ser du ein ... Kva lyd høyrer du inni ...? Skriv bokstaven på streken. |
| Kople stor og liten bokstav | 1–6 | Sjølvforklarande |
| Lese ord eller setningar med biletstøtte | 1–6 | Sjølvforklarande |
| Skilje mellom to- og trelyds ord | 2 | Sjølvforklarande |
| Lese nøyaktig | 5 | Sjå på biletet av ... Ved sida av står det fire ord. Set ring rundt ordet ... |
| Skrive bokstav for lyden | 1, 2 | No skal du skrive bokstaven som høyrer til lyden eg seier: «...», skriv «...» (Læraren vel rekkjefølgja på lydane sjølv) |
| Skrive ord | 1–6 | Her ser du ein ... Skriv ... på streken ved sida av biletet Bileta er: 1: is – sjå 2: ri – le – arm – esel 3: ni – ost – tre – måne 4: mus – duk – kam – hest 5: sag – fisk – pose – jente 6: ause – gris – lyn – blåbær |
| Finne rimord | 1 | Sjølvforklarande |
| Telje tal på lydar i ord | 3 | Her ser du biletet av ... Vi seier ... i kor. Kor mange lydar høyrer du i ordet? Skriv ein strek for kvar lyd. |
| Telje stavingar i ord | 4 | Her ser du ein ... Vi seier ... i kor. Kor mange stavingar er det i ordet? Er det éi staving, fargelegg du éin knapp. |
| Fonologisk syntese (trekkje lydar saman til ord) | 4, 6 | Ved sida av eitt-talet ser de fire biletene. Det er ..., ..., ... og ... Kva for eit av desse orda er det eg lagar lydane til? 4: k – a – k – a, d – u – e 6: b – r – u – s , v – a – s – k |
| Bortfall av første lyd | 5 | Øvst ser du biletet av Om du tek bort den første lyden i ordet ..., kva ord får du då? Ser du biletet av dette ordet på den nedste rekkja? Set strek mellom dei to orda. |

Individuell observasjon A–C

Underveis i bokstavgjennomgangen kan det vere fint å supplere med nokre individuelle observasjonsstunder med den enkelte eleven. I Ordriket har vi lagt opp til tre observasjonar i løpet av 1. trinn. Den første kjem etter tredje bokstavgruppe (12 bokstaver), den andre etter sjette bokstavgruppe (24 bokstaver) og den tredje mot slutten av skuleåret. Målet er at læraren observerer korleis kvar enkelt elev les, ved å ha blikk på bokstavkunnskap, leseteknikk/avkodingsferdigheiter og forståing.

Dei overordna måla for leseopplæringa for 1. trinn er:

- 1 Å lære alle bokstavane (kople bokstavlyd til bokstav og omvendt)
- 2 Å trekke lydar saman til ord
- 3 Å lære nokre ord som parate ordbilete (heilordslesing)
- 4 Å lese enkel tekst med bra teknikk og forståing
- 5 Å vere aktiv i møte med teksten
(bruke enkle lesestrategiar, vere oppteken av innhald og mening, auke ordforståing)

På 1. trinn vil elevane tilegne seg ulike strategiar for å lese og stave ord. Elevane begynner ofte med fonologisk ordlesing. Å lese fonologisk betyr å setje om bokstavane til lydar og trekke desse saman til eit ord som vi kan kjenne igjen. Med andre ord vil eleven høyre kva ord lydmönsteret liknar på. Etter kvart går dei fleste over til å lese meir og meir ortografisk. Å lese ortografisk betyr å kjenne igjen stavingar, delar av ordet og heile ordet. Her vil eleven kunne sjå kva for eit ord bokstavmönsteret førestiller. Denne utviklinga kan følgjast og dokumenterast under den individuelle observasjonen.

Notatark for læraren

Som hjelp til å samle informasjonen frå oppfølgingsarka og den individuelle observasjonen finst det eit notatark til læraren. Notatarket finst både i PDF-format og i Word-format. Arket inneholder skjematiske oversikt over alle oppgåvearka og leseobservasjonane. I tabellen for kvar del står sjølvé oppgåva, kva læraren bør sjå etter (kriterium), og plass til kommentar. Her kan læraren også notere andre konkrete observasjonar som er gjorde av eleven i ulike lesesituasjonar i perioden.

Målet med kartlegginga, observasjonen og notata i den aktuelle perioden er å finne ut om eleven er klar til å gå vidare eller må følgjast opp med andre tiltak. Læraren bør også tenke gjennom kva lesenivå (sirkel, trekant, firkant) som passar for eleven. På denne måten kan læraren følgje godt med på leseutviklinga til eleven og legge til rette for god opplæring. Notatarket er også eit godt utgangspunkt for samtale med elevane.

Gjennomføring

Her er ei oversikt over når dei ulike vurderingsressursane er tenkte brukta:

| Tidspunkt | Vurderingsressursar |
|-----------------------|---|
| Etter bokstavgruppe 1 | Oppfølgingsark 1 (gruppevis) |
| Etter bokstavgruppe 2 | Oppfølgingsark 2 (gruppevis) |
| Etter bokstavgruppe 3 | Oppfølgingsark 3 (gruppevis) Observasjon av lesing A (individuelt) |
| Etter bokstavgruppe 4 | Oppfølgingsark 4 (gruppevis) |
| Etter bokstavgruppe 5 | Oppfølgingsark 5 (gruppevis) |
| Etter bokstavgruppe 6 | Oppfølgingsark 6 (gruppevis) Observasjon av lesing B (individuelt) |
| Våren | Observasjon av lesing C (individuelt) |

VURDERING AV DEI GRUNNLEGGJANDE FERDIGHETENE

I tillegg til vurderingsressursar til bokstavinnlæringa og den grunnleggjande leseopplæringa tilbyr Ordriket også vurderingsskjema for alle dei tre grunnleggjande ferdighetene som er spesielt knytte til norskfaget. Desse kan takast i bruk når læraren sjølv har behov for det. Skjemaet har tre kolonner. Den første inneholder læreplanmåla etter 2. trinn. Den andre viser meir konkrete kriterium som det er naturleg å måle etter arbeidet med Ordriket 1. I den siste kolonnen kan ein fylle ut måloppnåing for kvar enkelt elev.

Leseferdigheter

Skjemaet for vurdering av leseferdigheter kan brukast til å følgje opp og samle resultat frå Oppfølgingsark 1–6 og observasjonane av lesing. Dei konkrete kriteria i den andre kolonnen korresponderer med oppgåvane på dei andre to vurderingsressursane. Det utfylte skjemaet gir dermed oversikt over om eleven er på god veg, eller om han eller ho treng betre oppfølging og meir trening. I tillegg kan oversikta gi god hjelp til å finne ut kva slags tekstar som er passe utfordrande å lese for denne eleven.

Skriftlege ferdigheter

Gjennom arbeidet med Ordriket 1 vil elevane både skrive, teikne og lage tekstar heilt frå byrjinga. Dette skrivearbeidet kan summerast opp på skjemaet for skriftlege ferdigheter. I vurderinga av skrivinga er det viktig å oppmuntre elevane uansett skrifeferdigheter. Om eleven ikkje kan skrive bokstavar og ord først i året, kan han eller ho likevel uttrykkje seg skriftleg gjennom leikeskriving og teikning. Det er viktig for eleven å oppleve seg som ein skrivande person, og her treng alle mykje ros, tips, hjelp og oppmuntring.

Munnlege ferdigheter

Akkurat som med lesing og skriving er det viktig å føre elevane inn i gode samtalar og munnlege aktivitetar frå første stund. Skjemaet for munnlege ferdigheter gir aktuelle kriterium for vurdering av om alle elevane er aktivt med i dei munnlege aktivitetane. Dersom nokre elevar er passive, betyr det at læraren bør legge betre til rette med for eksempel mindre grupper, pararbeid eller enklare aktivitetar. For elevar som har gode munnlege ferdigheter, er det viktig å få nye utfordringar ved å vere modellar for andre eller ved å kunne lage ulike framföringar.

EIGENVURDERING

God vurderingspraksis vil seie å involvere elevane i undervegsvurderinga. Korleis gjer vi det for eleven på 1. trinn? Ved sida av å presentere mål og forklare emne felles for klassen er det viktig at læraren jamleg har dialog med den enkelte eleven. Dette kan vere strukturerte elevsamtalar eller små samtalar i skulekvarden. I samband med kartlegging og prøvar er det bra å snakke naturleg og ope om kva dei er med på.

Gjer måla kjende for eleven

Fortel kvifor det er viktig å lære seg å lese, skrive og delta aktivt munnleg. Snakk med elevane om måla for perioden. Hjelp dei til å forstå at dei nedbrotne måla skal hjelpe dei vidare i lese- og skriveutviklinga der den enkelte er.

Gi elevane konkrete tilbakemeldingar

Faglege tilbakemeldingar er ein sentral del av vurderings- og oppfølgingsarbeidet. Eleven skal få høyre kva han eller ho meistrar godt, og få rettleiing i kva som bør arbeidast med vidare. Dei kan sjølve vere med på å reflektere over arbeidet sitt og kva dei kan gjere for å forbetre seg. Her er det viktig at vi gir oppmuntring og viser at vi er forventningsfulle til kva eleven skal lære seg av nye ting.

Involver elevane i eige læringsarbeid

La det vere ein naturleg del av skulekvarden å snakke om korleis elevane opplever arbeidsoppgåvane og det som blir forventa av dei. Det er heilt naturleg at vi synest noko er lett og noko er vanskeleg. Vi gjer oppgåver på skulen for å lære noko vi ikkje kunne frå før. Still gjerne spørsmål til elevane om kva dei meiner

sjølve om konkrete arbeidsoppgåver eller prøvar (kartlegging). Kva synest du er lett? Kan du vise meg ei oppgåve du får greitt til? Er det oppgåver som er vanskelege å forstå? Er det oppgåver som er vanskelege å løyse? Kan du vise meg ei oppgåve som du synest er morosam? Snakk gjerne om i kva grad leseleksene er passe lange og på eit greitt nivå. Ver gjerne konkret i små lesebestillingar som dei erfarer at dei kan meistre når dei har øvd litt. Slik blir dei meir bevisste på at innsats og øving fører til økt læring.